

**MØTEBOK****Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021**

Utval sak	Utval	Møtedato
67/17	Formannskapet	15.11.2017

Vedlegg:

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 -2021
2. Partsbrev vedr. Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018
3. Søknad om støtte til Vinje-senteret – 2018-budsjettet
4. Søknad om auke i tiltakspotten til Samarbeidsrådet for Sunnhordland
5. Budsjettinnspel Sunnhordland museum 2018
6. Fitjar Skyttarlag – Søknad om forskottering av tippemidlar
7. Fitjar Skyttarlag – Søknad om midlar til bygging av 15 m innandørs skytebane
8. Fitjar Sokn – Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2018
9. Fitjar Frivilligsentral – Budsjett
10. Fylkesmannen i Hordaland – Statsbudsjettet 2018 – kommuneopplegget
11. Budsjett 2018 Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum
12. Budsjett og økonomiplan 2018-2021 Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
13. Stord kommune – Krav om reforhandling av avtale mellom Fitjar og Stord kommune om pedagogisk- psykologisk teneste
14. Notat vedrørende auka driftskostnader for barnevern frå og med 2018
15. Notat – bustadstopp for flyktningar
16. Eigedomsskatt 2017
17. Status fond
18. Elevtal

Utykt dokument: Detaljbudsjett

Saksopplysingar:

Rådmannen legg fram eit budsjett med eit samla overskot på 770 965,- i økonomiplanperioden. Dette er sum av netto driftsresultat kvart av åra 2018 – 2021 (viser og til s 17. i budsjettdokumentet).

I kommunelova §46, pkt. 6 finn ein krav om at budsjettet skal gå med overskot i perioden: «Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.»

Vurdering:

Det er gjort ei ny berekning sidan rådmannen presenterte budsjettet i utvida formannskap 31. oktober. Det gjeld renter og avskrivningar på investeringar på vatn og avlaup.

Vatn og avlaup er sjølvkostområde, og abonnentane skal dekke kostnadane for kvart av områda. Investeringar vert belasta med renter og avskrivningar i investeringa si levetid. Dette er utgifter kommunen har hatt, og inntektsfører desse utgiftene i kommunerekneskapen.

Investeringane i 2017 og 2018 er relativt store både på vatn og avlaup. Dette fører til større inntekter i kommunebudsjettet i økonomiplanperioden enn føresett 31. oktober.

Auka utgifter på sjølvkostområda vil føra til ein avgiftsauke i økonomiplanperioden med om lag 15 %. Eigedomsavgifter for 2018 vert lagt fram som eiga sak.

På Fitjar kommune sine heimesider, er Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 satt opp som ei nyhendesak, der alle dokument er tilgjengeleg. Sida blir oppdatert fram til kommunestyret 20. desember.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert sendt til utval for plan og miljø, utval for oppvekst og omsorg, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma, for uttale.

Behandling i Formannskapet - 15.11.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om endringar i budsjettframlegget etter førre møte. Administrasjonen svara på spørsmål frå formannskapet. Formannskapet drøfta ulike tiltak i budsjettet, med verknad på kort og lang sikt.

Representanten Arne Prestbø (H) la føre følgjande framlegg til vedtak:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett. Ein ber administrasjonen ved plan og miljø om ei utgreiing av konkurranseutsetjing av m.a. reinhald. Ein ber administrasjonen ved oppvekst og omsorg om ei utgreiing av fysioterapitenesta for om mogeleg å ta ned kostnader, dette for å koma ned på kostra-snittet i vår kommunegruppe. Også med tanke på krav om ergoterapeut frå 2020.

Ved røysting fekk framlegget frå representanten Arne Prestbø (H) 4 røyster (H, FRP og KRF), administrasjonen sitt framlegg fekk 1 røyst (AP) og fall.

Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (4 røyster H, FRP og KRF) mot 1 røyst (AP))

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett. Ein ber administrasjonen ved plan og miljø om ei utgreiing av konkurranseutsetjing av m.a. reinhald. Ein ber administrasjonen ved oppvekst og omsorg om ei utgreiing av fysioterapitenesta for om mogeleg å ta ned kostnader, dette for å koma ned på kostra-snittet i vår kommunegruppe. Også med tanke på krav om ergoterapeut frå 2020.

Atle Tornes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.